

Prosjektmandat: Samanslåing av fødeavdelingane i KR og MO

Prosjektnr.:	V.nr.: 1.0	
Prosjektittel: Samanslåing av fødeavdelingane i Kristiansund og Molde		
Prosjekteigar Klinikksjef Henrik Erdal, Klinikk for kvinner, barn og ungdom (KKBU)	Klinikk/Avdeling/Seksjon KKBU/AFK/seksjonar for føde/barsel og gyn. pol./legar i KR/MO	
Prosjektleiing Prosjektleder; Avdelingssjef Janita Skogeng, Avdeling for fødselshjelp og kvinnesjukdommar (AFK) Prosjektsekretær; avklarast dersom behov Styringsgruppe Leiargruppa HMR	Prosjektgruppe (PG) Avdelingsråd AFK: Victoria S. Stormo, seksjonsleiar AFK KR Rune Karlsholm Rise, ass. seksjonsleiar AFK KR/MO Rigmor B. Sviggum, seksjonsleiar AFK MO Frank Walter, seksjonsleiar AFK KR/MO Gunvor Bergem Lia, seksjonsleiar AFK VO Marianne H. B. Omvik, seksjonsleiar AFK ÅL Vigdis H. Stavseng, seksjonsleiar AFK ÅL Sissel Hjelle, seksjonsleiar AFK ÅL Idunn Myklebust, medisinsk fagleg rådgjevar Elin H. Ytterbø, fagutviklingsjordmor Tone M. Eiksund, avdelingsverneombod AFK Verneombod: Sissel Ingebrigtsen, AFK KR Tillitsvalde: Solveig Vatten, plass-TV NSF, AFK KR Annelinn Gåsøy, plass-TV NSF, AFK MO Anne Kristin Eidem, plass-TV FF, AFK MO	
Prosjektstøtte <ul style="list-style-type: none">- Analysegruppa (AG) HMR- Fagavdelinga HMR- Deloitte ?		
Problembeskriving, bakgrunn og hensikt <p>Utviklingsplan for HMR 2019-2022 (2035) vedtok at fødeavdelingane i Kristiansund og Molde skulle samanslåast i god tid før innflytting i Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) og at samanslåingsprosessen skulle vere i gang i løpet av 2019. Grunngevinga er ei mangeårig utfordrande drift med bl.a. rekrutteringsvanskar, mykje vikarbruk og uønska variasjon, som tidvis truar kvaliteten og pasienttryggleiken. Drifta er så utfordrande at det siste 2-3 åra har vore nokre uplanlagde og korte stengingar grunna mangel på fagfolk/spesialistar, og den andre fødeavdelinga har da tatt imot pasientane. Fagmiljøa i AFK KR og AFK MO har sidan 2005 meint at den bærekraftige løysinga er ei fødesamanslåing for å få ei større og meir robust fødeavdeling, men har vore usamde om kvar og når ei slik fødesamanslåing burde/måtte gjerast.</p> <p>På denne bakgrunn og i samband med operasjonalisering av Utviklingsplanen har klinikkleiinga føreslått å gjennomføre fødesamanslåinga i 2019. Dette for å sikre bærekraft og høg fagleg kompetanse. Forslaget er å driftssette SNR-modellen, kor all inneliggande aktivitet i gynekologi og fødselshjelp blir lagt til det eine sjukehuset, medan det andre sjukehuset beheld sin polikliniske og dagkirurgiske aktivitet. Ei liknande driftsform er velprøvd gjennom vekselvis sommarstenging av desse fødeavdelingane i 8 veker årleg dei siste 16 åra, utan at dette har medført alvorlege uønska hendingar.</p> <p>Styret i HMR vedtok 24.01.2019 at Klinikk for kvinner, barn og ungdom (KKBU) skulle gå vidare med dette forslaget. Samanslåingsprosessen starta med ei ROS-analyse av nemnte SNR-modell i Batnfjordsøra 04.02.2019, kor begge fødeavdelingane og dei viktigaste interne og eksterne interessentar var invitert. ROS-rapporten blei publisert 08.02.2019.</p> <p>Innstilling til vedtak skal framleggast til styremøtet 27.03.2019 og denne vil innehalde forslag til driftsmodell, lokalisering av den samla fødeavdelinga og oppstartdato. Før klinikksjef kan overlevere si innstilling til adm. dir. er det behov for å jobbe med risikoområda påpeikt i ROS-analysen, risikoreduserande tiltak, bemanningsplan for samanslått avdeling, osb.</p> <p>Mandatet til prosjektgruppa er å handsame dei tema og oppgåver som dei får seg førelagt frå klinikksjef, og så kome med vurderingar og innspel til ei best mogleg løysing for den samla fødeavdelinga. Ein forventar at prosjektgruppa forankrar sitt arbeid og sine innspel i eigne fagmiljø. Resultatmåla viser typiske tema og oppgåver som prosjektgruppa må jobbe med, og det vil kunne kome fleire oppdrag fram til medio mars. Prosjektgruppa kan oppdelast i mindre arbeidsgrupper for å sikre hensiktsmessig arbeidsdeling og god framdrift. Dersom forslaget blir vedtatt av styret, vil ein truleg bruke prosjektgruppa i det vidare arbeidet fram mot implementering.</p>		

Prosjektet sine mål

Effektmål:

- Samanslått fødeavdeling med SNR-bemanning, stabilt god kvalitet, liten variasjon og høg pasienttryggleik
- Lik tilgang på tenester av god kvalitet i HMR

Resultatmål	Verktøy - tiltak	Ansvar	Frist
Påviste risikoområder for fødesamanslåing	ROS-analyse	PG	08.02.19
Lukka risikoområder for fødesamanslåing	Tiltaksplan etter ROS-analyse	PG	11.03.19
God prehospital beredskap	Beredskap og følgjeteneste, prehospital tenester, legevakt og fastlegar	PG/Samh.	11.03.19
Bemanning for alle yrkesgrupper	Bemanningsplan	PG	27.02.19
Areal og utstyr etter fødesamanslåing	Areal- og utstyrplan	PG/KDE	27.02.19
Fagleg avhengigheit til andre fagområder	Kartlegging, analyse og prioritering	PG	05.03.19
Godt gynekologisk tilbod	Kartlegging og analyse av dagens aktivitet (pol.kl., dagbeh., dagkir, døgn)	PG/AG	05.03.19
Godt tilbod for seksuelle overgrep	Kartlegging og analyse av overgrepsmottaka (vald er ei kommunal oppgåve)	PG/AG	05.03.19
Årleg nettoinnsparing 10 MNOK	Tilpassing av bemanning	PG/AG	11.03.19

Kvalitetsmål	Resultat KR – MO – VO 2014-2018	Resultat KR – MO – VO 2018	Prosjektmål 2019	Visjon
Keisarsnittfrekvens	19,2 % - 18,0 % - 12,8 %	19,7 % - 11,0 % - 14,7 %	< 14 %	< 12 %
Apgar < 7 ved 5 minutt	1,2 % - 1,6 % - 1,5 %	1,9 % - 0,9 % - 2,2 %	< 1,2 %	< 1,0 %
Overflytting til nyfødt intensiv	4,8 % - 4,5 % - 2,8 %	7,9 % - 2,5 % - 3,2 %	< 3,0 %	< 2,5 %

Prosjektgruppa bør òg vurdere resultatane for andre kvalitetsmål med uønska variasjon og kan føye til fleire konkrete mål, td. seleksjon. Ein ber prosjektgruppa om å diskutere Beredskap og følgjeteneste og kome med forslag til konkrete og målbare mål/krav for denne ordninga (Regional plan kap. 4.1 har fem, overordna, ikkje talfesta mål).

Overordna framdriftsplan

Fasar i prosjektet	Febr.	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sept.	Okt.
Definere og etablere									
Kartlegge, måle og analysere									
Utarbeide og velje løysing									
Kartlegge og planlegge drift									
Implementere og kont. forbet.									
Økonomisk effekt									

Oppfølging av måloppnåing:

Prosjektgruppa skal lage forslag til måltavle for prosjektperioden (2019), og det er viktig å ha høg merksemd på faglege kvalitetsmål både før, under og etter implementering av ny driftsmodell. Sjå vedlagte eksempel på måltavle.

Endringslogg: